



# SIKKER FERIE I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



BJØRN  
FJØRDEN



KOMMUNE



# SIKKERHEIT PÅ CAMPINGPLASS

## MINST TRE METERS AVSTAND

Det skal vere minst tre meter mellom campingvogn, bobil og telt. Denne avstanden er ikkje nok til å hindre spreiling, men vil avgrense spreilinga nok til at folk greier å rømme. Bil som ikkje er meint for overnatting kan setjast mellom campingeiningane.

Faste konstruksjonar som terrassar og spikertelt kan vere omfatta av plan- og bygningslova. Konstruksjonar som er høgare enn 0,5 meter, blir rekna som ein del av campingeininga.

## MONTER RØYKVARSLAR

Det er krav til røykvarslar i campingvogn, men ikkje i bobil. Bjørnafjorden brann og redning anbefalar likevel at det blir montert røykvarslar i alle einingar som er meint for overnatting. Dersom det skulle begynne å brenne, er det viktig med tidleg varsling.

## BRANNSLØKKINGSAPPARAT

Det skal vere brannsløkkingsapparat i alle campingvogn og bubar. Kravet er tokilosapparat, men det er anbefalt å montere minimum sekskilosapparat. Det er svært viktig at apparatt blir kontrollert jamleg og heng synleg og lett tilgjengeleg, slik at det er klart til bruk når ein treng det.

## SJEKK DET ELEKTRISKE ANLEGGET

Den største årsaka til brannar i Noreg er feil på elektriske anlegg og apparat, og feil bruk. Elektriske anlegg og utstyr i campingvogner og bubar må vera installert i samsvar med regelverket. Det er ditt ansvar at utstyr og anlegg blir brukt på riktig måte.

Det er ein god idé å la ein fagperson gjennomføre ein kvalifisert kontroll, ettersyn og vedlikehald av det elektriske om bord før feriaturen startar. Les øg nøye campinglassen sine reglar for tilkpling og bruk av straum.

## KONTROLLER UTSTYR FOR GASS

Det skal ikkje vere meir enn to 11 kilos gassflasker i campingvogn eller bobil. Ta ein sjekk av anlegget kvart år. Gass går i røyr til apparat inne i vogn eller bobil. Ta ein sjekk av anlegget kvart år. Alt utstyr skal vere godkjent og montert av fagfolk. Dersom det luktar gass, steng av alle apparat og hovudbrytar. Få anlegget kontrollert av autorisert personell. Prøv aldri å justere eller reparere systemet sjølv! Vis respekt for gass.

## HUGS SMITTEVERNREGLANE!

Det blir mange gjester på norske campingplassar i sommar. Hugs å vaske hender hyppig og halde tilrådd avstand. Les oppdaterte råd på [fhi.no](http://fhi.no).

POLITISK RELEVANT  
INSTITUTTET SINE  
SMITTEVERNÅRD  
PÅ FHI.NO



# SIKKERHEIT PÅ SJØEN

## FØREBYGG DRUKNING

Alle om bord skal bruke regningsvest. I kaldt vatn blir svømmeferdighetane därlegare, og det er lettare å feilbereke. Jo kaldere vatn, jo større varmetap. Hypotermi påverkar oss meir enn mange er klar over. Det må både svømmaren og livreddaren vite om. Ha leiderar på utsida av båten. Ha redningsbøye og førstehjelpsutstyr i båten. Følg nøye med på barn når dei badar.

## DRIVSTOFF OG ANDRE BRANNFARLEGE VÆSKER

Ikkje sør med bensin, diesel eller olje. Ikkje bruk choke i utide. Ha brannsløkkingsapparatet tilgjengeleg. Stopp motoren, stump sigarettane og sløkk open flamme når du skal fylle drivstoff. Luft ut motorrom, ver merksam på lekkasjar, bruk nasen for å finne dei. Stopp motoren straks hvis du merkar lekkasje. Steng alle utløp for bensin, gass eller olje når turen er avslutta. Oppbevar brannfarlege væsker i godkjente kanner, sikra mot slingring. Ver forsiktig og ørvåken når du brukar fyrstikker og stearinlys og ved røyking.

## ELEKTRISKE ANLEGG

Bruk fagfolk til å installere, kontrollere og reparere elektriske anlegg om bord. Sjekk med jevne mellomrom om elektriske apparat er i god stand og blir brukt på riktig måte. Pass særlig på at leidningar ikkje er skadd. Elektriske apparat for innandørs bruk må ikkje brukast utandørs. Når du koplar til strømforsyning i båthamna, bruk gummikabel som er meint for utandørs bruk. Kabelen må vere utan skader.

## GASS-SIKKERHEIT

Bruk og oppbevaring av gass blir stadig vanlegare i båt. Det er viktig å vere forsiktig! . Oppbevarer du gass i båten? Sjekk rør og koplinger regelmessig, slik at du unngår lekkasje. Fagfolk må installere, kontrollere og reparere gassanlegg, koke- og varmeapparat – hugs det når du skaffar deg ein brukt båt. Ver merksam på gasslekkasjer. Stopp motoren straks du mistenker lekkasje. Kullos-gassen er luktfrí og vanskeleg å oppdage. Installer gassvarsalar i båten, og sjekk at han fungerer.

## HJELPEMIDDEL SOM REDUSERER RISIKO

Monter røykvarsalar i båten og sjekk av han verkar. Hugs å bytte batteri med jevne mellomrom. Ha to-kilos brannsløkkingsapparat eller anna godkjent sløkkemiddel lett tilgjengeleg i båten. Sjekk at brannsløkkingsapparatet ikkje er gått ut på dato – pila skal peike på grønt felt. Skaff deg VHF-radio. Det aukar sikkerheita for alle som ferdast på sjøen, anten du siglar, padlar, dykker, fiskar eller badar. VHF-radioen er vassrett, gir betre dekning enn mobiltelefon, og, om det trengst, kan du sende nødsignal med GPS-lokasjon til alle båtar i området og til Kystradioen for hurtig rop om hjelp.

## I HAMN

Vurder brannsikkerheita i gjestehamna, og les det som står på informasjonstavla. Ha alltid flyteutstyr tilgjengeleg og klart til bruk, i tilfelle du må forlate båten. Fortøy båten i god avstand til andre båtar, slik at han er lett å løyse om en det blir brann. Då er det òg lettare for brannvesenet å komme rundt båtane og sløkke brannen, og hindre skade på fleire båtar.





## VASSVETTREGLANE

1. Ha respekt for vatn, v r og forhold  
Straumforhold og kaldt vatn kan gjere sv mmeturen farleg
2. Bad aldri aleine  
Pass godt p d dine eigne barn, og f lg med p  andre sine
3. Bli kjent med botn og djupneforhold  
Aldri hopp eller stup der du ikkje er kjent
4. Kjenn dine eigne grenser.  
Du kan ikkje redde andre utan f rst  ta vare p  deg sj lv
5. Ved ulukke: varsle til 113 f rst, s  redde.  
Gi beskjed, slik at fleire kan hjelpe til
6. Bruk redningsline eller livb ye ved redning. Ha alltid ein gjenstand mellom deg og den som treng hjelp. Redning fr  land gir auka sikkerheit
7. Bruk flytevest og f lg Sj vettreglane n r du ferdast i b t  
Flytevest reddar liv, og reglar gjer sj en tryggare for alle
8. Vend i tide, det er ingen skam   snu. Sv mmeturen skal g  langsm  stranda. S k ly dersom det bles opp p  b tturen

## SJ VETTREGLANE

1. Tenk sikkerheit. Kunnskap og planlegging reduserer risikoenog aukar trivselen.
2. Ta med n dvendig utstyr. Utstyret m  haldast i orden og vere lett tilgjengeleg.
3. Respekter v r og farvatn. B ten m  berre nyttast under eigna forhold.
4. F lg Sj vegsreglane. Rett deg etter bestemmelsane om vikeplikt, hastighet og lanternef ring.
5. Bruk redningsvest eller flyteplagg. Det er p bode med godkjent flyteutstyr til alle om bord.
6. V r utkvilt og edru. Promillegrensa er 0,8 n r du f rer b t.
7. Vis omsyn. Sikkerheit, milj  og trivsel er eit felles ansvar.
8. F rebu deg p  at det kan skje ei ulukke, og tenk gjennom kva du skal gjere: Hald roen, bli ved b ten og tilkall hjelp.
9. Ved inntak av alkohol er det dokumentert vesentleg st rre fare for   drukne og bli utsatt for ei ulykke p  sj en, sj lv om du er under promillegrensa p  0,8.



# HER FINN DU MEIR INFORMASJON

**bjornafjorden.kommune.no**

**sikkerhverdag.no** – Informasjon om hvordan forebygge ulykker, kriser og andre uønskede hendelser

**fhi.no** – Folkehelseinstituttet er ein nasjonal kompetanseinstitusjon på psykisk og fysisk helse, smittevern og forebyggende tiltak

**dsb.no** – Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap

**redningsselskapet.no** – Redningsselskapet er en frivillig humanitær forening som skal redde liv til sjøs

**sjovett.no** – Sjøfartsdirektoratet sin kampanje Vis sjøvett med nyttige opplysninger for sjøfolk



## KONTAKTINFORMASJON TIL BJØRNAFJORDEN BRANN OG REDNING

Os brannstasjon ligg i beredskapsbygget i Mobergsbakken 111.

Vakttelefon heile døgnet: telefon 915 68 590

Ved brann, ring 110